



En smilande storfiskar på 11 år. (Foto: Ståle Eik)

Ståle Eik driv på Kjærland eit såkalla "inn på tunet"- tilbud for elevar som treng noko anna enn det den vanlege skulen har å tilby dei.

Ein dag i veka får desse elevane vera med på vanleg arbeid som høyrer gardsdrifta til. I tillegg får dei vera med på fiske både i elva og på fjellet. Hjortejakt og orreleik står også på programmet. Mange av ruskeverstundene blir nytta til hobbyaktivitetar – særleg forming i tre.

Her er litt av det som vart skreve i loggboka på Kjærland onsdag i denne veka:

' Ein utruleg dag!

Nytta dagen til fiske i elva – svært fin fiskeelv med høveleg stor vassføring. Etter å ha fiska ei lita stund nede på den såkalla Elvabøen og hatt på to fine fiskar, gjekk vi heim og grov meir mark før vi gjekk oppover til Leirholet (der elva og veggen går ved sida av einannan)

Eg skulle nett ta bilete av Vegard med fiskestanga då han ropa at han hadde fisk på. Eg trudde han tøysa med meg for stanga stod så roleg – såg ingen bevegelse i tuppen på stanga. Forstod likevel snart at dette var alvor og sprang oppover for å hjelpe.

Etter eit lite basketak klarte vi i å dra den store laksen inn over steinrøysa i sikker avstand frå elva. No var vi så skjelvne begge to at vi måtte heim og roa ned med litt mat og eit slag couronne.

Etter mat måtte vi ut og prøva fiskelukka litt meir. Vi hadde ikkje meir enn starta fisket før Vegard ropa om ny fisk. Denne kasta han på land sjølv. Dette var ein fin aure på 1,25 kg teken i same hølen som laksen stod.”